



Fløysand VA as
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1000 - 15/7699

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
17.04.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg, gbnr 42/152.

Administrativt vedtak. Saknr: 115/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 20.03.2015, søkt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for nytt bustadhus på Eikeland, gbnr 42/152.

Vurdering:

Det vart i samband med frådeling av bustadparsellen gjeve utsleppsløyve til eit minireinseanlegg, i sak DNT.138/2012. I løpet av byggeperioden vart det kommunale avlaupsanlegget på Eikeland sett i drift og det låg då til rette for at den nye bustaden kunne knyta seg på dette anlegget. Kommunen er kjend med at tilkoplinga er utført.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og naudsynte ansvarsrettar ligg ved saka.

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gbnr 42/152 vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg med ei bueiningar på følgjande vilkår, jf. søknad datert 20.03.2015 og vedlagte situasjonskart av same dato:

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og

leveringsavtale.

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. Kommuneforlaget.
- Tilkopling skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. P.t. er gebyret kr. 10 000,- pr bueining + mva. for tilkopling til offentleg avlaupsanlegg.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan tilkopling 42-152

Kopi til:

Christoffer Eide/Sandra Bruvik	Eikelandsvægen 148	5917	ROSSLAND
--------------------------------	-----------------------	------	----------

Mottakere:

Fløysand VA as	Fløksand	5918	FREKHAUG
----------------	----------	------	----------